



Arkivnr: 2019/18988-1

Saksbehandlar: Karl Viken

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.11.2019

## Rekneskapsrapport pr. oktober 2019

#### Samandrag

I samsvar med rapporteringsrutinane legg fylkesrådmannen fram rapport om rekneskapsutviklinga pr. oktober 2019. Årsprognosene byggjer på dei same overordna vurderingane som tertialrapporten pr. august, men ein del moment er justert sidan førre rapportering. Det gjer at den negative årsprognosene pr. august er halvert. Årsprognosene pr. 2. tertial var eit negativt budsjettavvik på 60 mill. kr, og denne er no endra til eit negativt avvik på 30 mill. kr.

Opplæringssektoren og samferdselssektoren, som står for om lag 4/5- delar av det totale driftsbudsjettet til HFK, melder høvesvis -11 mill. kr og -62 mill. kr som årsprognose. Som grunnlag for samferdsel sin prognose ligg ein negativ prognose på 25 mill. kr for Skyss, ein negativ prognose på 40 mill. kr for vegvedlikehaldet og ein positiv prognose på 3 mill. kr for resterande område innanfor samferdsel. Dette inneber ei betring på 14 mill. kr for samferdselsområdet i høve til prognosene pr. 2. tertial. For opplæringssektoren er betringa sidan førre rapportering på 3 mill. kr.

Alle sektorane og avdelingane har ein samla negativ prognose på 73 mill. kr. Den delen av årsprognosene som gjeld tilhøve utanom sjølve drifta har ein positiv årsprognose på 43 mill. kr.

Fylkesrådmannen er nøgd med at årsprognosene går rette vegen sidan førre rapportering, og at det prognostiserte negative budsjettavviket er halvert. Dei igangsette tiltaka som fylkesrådmannen varsla i tertialrapport pr. august har bidrige til ein positiv trend, og det vert lagt opp til vidare stram styring dei siste månadane av 2019. Som prognosene syner er det i hovudsak god kontroll på dei aller fleste budsjettområda. Det er eit område, samferdsel, som i hovudsak bidreg til at prognosene vert negativ. Skattekapittelet bidreg med eit prognostisert overskot for 2019 på 30 mill. kr. Trenden på dette området, kombinert med sentrale signal, gjev håp om at resultatet for skattekapittelet skal verte enno betre enn prognosene skulle tilseia.

Slik stoda er no vurderer fylkesrådmannen at det ikkje er sannsynleg med rekneskapsunderskot i 2019. Bakgrunnen for dette er at det i budsjettet for 2019 er sett av 73 mill. kr i driftsmidlar til finansiering av investeringar. I tillegg til dette har årsprognosene for HFK hatt ein positiv trend dei siste månadane.

**Økonomi:** Ingen effekt. Det vert ikkje gjort framlegg om endringar i høve til vedteke budsjett.

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Regional planstrategi:** Ingen verknader

#### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. oktober 2019 til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand  
kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 13.11.2019

Gjeldande rapporteringsrutinar inneber at ein i tillegg til tertialrapportering legg fram ei forenkla rekneskapsrapportering til fylkesutvalet pr. månadane februar, juni og oktober. Fylkesrådmannen legg med dette fram rekneskapsrapporten pr. oktober 2019.

I 2. tertialrapport til fylkestinget i oktober rapporterte fylkesrådmannen at prognosen for 2019 var eit meirforbruk på 60 mill. kr for driftsbudsjettet totalt sett. Dei overordna vurderingane som ligg til grunn for denne prognosene er i det store og heile uendra, men betringa i årsprognosene er på 30 mill. kr. Det er særskilt to moment som har betra prognosene. Samferdselområdet viser betring i prognosene på 14 mill. kr, og skattekapittelet viser betring på 10 mill. kr. Utover det er det mindre endringar i høve til førre rapportering. Tala viser at samferdsel har dei største utfordringane i høve til dei budsjetterte rammene, og at sektoren har ein prognose om meirforbruk på 62 mill. kr. Alle dei andre sektorane har samla sett ein negativ årsprognose på 11 mill. kr; noko som sett opp mot storleiken på det samla budsjettet er å rekne for balanse.

Nedanfor er ei oppstilling som syner at den negative årsprognosene til HFK skuldast den samla negative drifta til sektorane. Og då, som nemnt over, i hovudsak den negative prognosene til samferdsel. Dersom ein ser på budsjettområda som er utanfor sjølvre drifta så bidreg desse positivt; med ein samla positiv prognose på 43 mill. kr.

	mill. kr
<b>Årsprognose HFK 2019</b>	<b>-30</b>
<b>Sektorar driftsbudsjett; prognose 2019</b>	
Politikk, kontroll & fellesfunksjonar	0
Eigedomsavdelinga	7
Økonomi- og organisasjon	0
Regionalavdelinga	0
Samferdsel	-62
Kultur og idrett	0
Tannhelse	-7
Opplæring	-11
	-73
<b>Tilhøve utanom drifta; prognose 2019</b>	
Skatt og rammetilskot	30
Renter og avdrag	15
Kraftinntekter	-4
Pensjon og lønsavsetjing	2
	43

Fylkesrådmannen vurderer at det i prognosene er knytt mest uvisse til skuleresultata, vegvedlikehaldet og kollektivtrafikkinnektene. Det same gjeld for resultatet på skatteområdet som vert påverka både av nivået på skatteinngangen til HFK, og i kva grad HFK har ein skatteinngang som er over eller under gjennomsnittet av alle fylka.

Det er positivt at HFK har fått ein positiv trend for årsprognosene i siste halvår av 2019. Dette, kombinert med at det i budsjettet for 2019 er sett av 73 mill. kr i driftsmidlar til finansiering av investeringar, gjer at det er lite sannsynleg med rekneskapsunderskot i 2019. At årsprognosene går i rett retning er positivt, men det er likevel viktig å poengtere at eit årsresultat lik ein prognose på 30 mill. kr i meirforbruk for 2019 ikkje gjev eit naudsynt positivt bidrag til dei økonomiske utfordringane som nye Vestland fylkeskommune vil stå overfor.

## **Status for dei ulike driftsområda**

### Politisk verksemd, kontrollorgan og fellesfunksjonar

Forbruket på dette området syner godt samsvar med budsjettet fram til no i år. Det kan likevel verte ei overskridning for dei siste månadane av 2019 ettersom fylkestinget og utvala sit fram til årsskiftet. Prognosene er likevel balanse ved årets slutt.

### Eigedom

Eigedomsavdelinga melder eit positivt budsjettavvik på 7 mill. kr for 2019. Dette skuldast mellom anna stillingsstopp og vakansar. Det er også positive budsjettavviki knytt til forsikringsoppgjer og innleige- og utleige av bygg. Dei aller fleste budsjettområda til avdelinga vil få eit budsjettmessig mindreforbruk eller enda rundt balanse.

### Økonomi og organisasjonsavdelinga

For den sentrale stabsavdelinga er det i år gjennomført mange kostnadsreduserande tiltak, og dette har hatt nedsynt effekt i høve til å halde eit stramt budsjett i 2019. For dei fleste seksjonane er det godt samsvar mellom rekneskap og budsjett og prognosene er at avdelinga går i balanse.

Endringa på 5 mill. kr samanlikna med prognosene frå august skuldast at innsparingskravet på 5 mill. kr som fylkestinget vedtok no er fordelt på avdelingane.

### Regional

Det er framleis god budsjettkontroll i avdelinga som rapporterer om prognose i samsvar med budsjettet som det mest sannsynlege resultatet for 2019. Det er noko større usikkerheit enn tidlegare år, grunna stor aktivitet knytt til å avslutte ulike prosjekt utover hausten. Dette kan resultere i meir-eller mindreforbruk når desse prosjekta er gjort opp. Det er likevel ikkje grunn på dette tidspunktet til å varsle anna enn at avdelinga styrer inn mot balanse.

### Samferdsel

For vegvedlikehaldet melder regionvegsjefen at det kan gå mot ei overskridning også i 2019 i høve til løyinga på dette området. Det er venta eit meirforbruk på om lag 46 mill. kr i 2019. Fylkesrådmannen er ikkje nøgd med utviklinga for vegvedlikehaldet, og har tidlegare i 2019 teke opp med regionvegsjefen kva tiltak som kan setjast i verk for å avgrensa overskridinga mest mogeleg. Meirkostnadane som fører til meirforbruk er knytt til sluttoppgjer på gamle kontraktar, og høgare pris på nye kontraktar enn det ein har sett av i budsjettet. Eit spesifikt moment som har gjeve negativt økonomiske utslag er kostnadane til straum, særleg til vegljos, i 2019.

Når det gjeld midlane fylkestinget løyyde i budsjettet for 2019 til punktutbetringar, så kan dette sjåast på som ein buffer i vedlikehaldsbudsjettet dei siste månadane av året. Fylkestinget si løying vert nytta fullt ut, men delar av summen gjeld oppgraderingstiltak som dermed skal førast i investeringsrekneskapen. Tiltaka vert dels utført i regi av kommunane i Hordaland og dels av Statens vegvesen. Den samla prognosene for fylkesvegvedlikehaldet for 2019 vert med dette eit meirforbruk på 40 mill. kr.

For dei delane av budsjettet som ligg på samferdselsavdelinga ligg ein an til eit positivt budsjettavvik på 3 mill. kr. Overskotet kjem av mindreforbruk på fleire område.

Når det gjeld økonomien på kollektivområdet, så er det her ein god trend som gjer at prognosene har betra seg med 10 mill. kr i høve til rapportering pr. 2. tertial. Prognosene for 2019 er no eit negativt budsjettavvik på 25 mill. kr. Inntektsida har hatt ein god auke samanlikna med i fjar, men både billettinntektene og skuleskyssinntektene er under budsjettet nivå pr. september. Når det gjeld operatørkontraktane er det ein positiv trend knytt til indeksar. Samstundes er det ein del moment som gjev negative budsjettavviki; mellom anna ferjekontraktar, tilrettelagt skuleskyss, inntektssikring og transaksjonskostnadene knytt til mobilbillett.

Det er framleis noko uvisse når det står att 2 månadar av 2019, men dersom ein summerer prognosane for vegvedlikehaldet, kollektivområdet og budsjettområda på samferdselsavdelinga så er sektorprognosene for 2019 eit underskot på 62 mill. kr. Dette er ei betring på samferdselområdet på 14 mill. kr i høve til rapportering pr. 2. tertial; då meldt prognose var 76 mill. kr i negativt budsjettavvik.

#### Kultur og idrett

Det er ingen særskilde budsjettavvik på kultur og idrettsområdet pr. oktober. Det er liten risiko for eit underskot i 2019; i beste fall vert det eit mindre positivt budsjettavvik.

#### Tannhelse

Tannhelse ligg an til eit noko dårligare økonomisk årsresultat pr. oktober enn det som vart rapportert pr. august. Då var årsprognosene eit negativt resultat på 5 mill. kr. Sjølv om tala er betre no enn dei var på byrjinga av året, så er årsprognosene no eit negativt resultat på 7 mill. kr.

Tannhelseområdet har framleis ein utfordrande økonomisk situasjon, og det må gjennomførast fleire grep før den økonomiske stoda er god. Utover drift med prognose om underskot, er det også utfordrande at sektoren ikkje lenger har ein buffer i form av frie fond. Desse fondsmidlane er tidligare nyttta til utdanningsføremål eller til å dekke underskot einskilde år i ulike distrikt. Pr. oktober har om lag 2/3 av dei 45 klinikkane negative årsprognosar. Prognosene for klinikkane er underskot på til saman 6 mill. kr. I tillegg har TK Vest eit negativt budsjettavvik, og ligg an til eit underskot på om lag 2 mill. kr. Administrasjonen og sentrale budsjettpostar ligg an til eit mindre overskot. Summert vert årsprognosene for tannhelse eit underskot på 7 mill. kr i 2018.

#### Opplæring

Årsprognosene pr. oktober for opplæringssektoren er ei budsjettoverskridning på 11 mill. kr. Denne prognosene inneber ei lita betring i høve til pr. 2. tertial då prognosene var -14 mill. kr. Det som er positivt er at skulane samla sett melder ein årsprognose lik balanse. Områda der det er størst økonomiske utfordringar i 2019 er lærlingtilskot, fagprøvar og gjesteelevar. For lærlingtilskot er det venta eit negativt budsjettavvik på 28 mill. kr som følgje den positive utviklinga med fleire teikna lærlingekontraktar.

#### Skatt og rammetilskot og havbruksfond

Skattetala pr. oktober er ikkje heilt klare, men utviklinga på dette området i 2019 gjev grunnlag for eit større positivt budsjettavvik. Skatteinngangen i Hordaland har i 2019 utvikla seg positivt gjennom 2019. Når ein ser på skattekapittelet samla, er overskotet pr. september på 26 mill. kr. I dette taler også skatteutjamninga mellom fylkeskommunane rekna inn. Dersom ein legg til grunn dei sentrale signala om auka skattevekst i 2019, og trenden så langt for 2019, så vert årsprognosene eit positivt budsjettavvik på 30 mill. kr.

#### Havbruksfond

Stortinget vedtok opprettning av Havbruksfondet juni 2016. Inntektene til fondet er vederlaget oppdrettarane betalar for løyve til auka produksjon. Havbruksfondet vart oppretta for at lokalsamfunna skal få meir igjen for jobben dei gjer for å leggja til rette for oppdrettsnæringa. Det er teke til orde for at midlane vert nyttta til tiltak som fremmar ei vidare utvikling av eit berekraftig havbruk. For 2019 har Hordaland fylkeskommune fått ei inntekt på kr 1 284 000. Midlane vert overført fylkeskommunane som «frie midlar».

#### Renter og avdrag

For dette området vert det rapportert ei innsparing i høve til budsjettet rente- og avdragsnivå. Innsparinga for 2019 er no stipulert til å verte om lag 15 mill. kr. Dette er ei noko større innsparing enn tidligare rapportert, og dette er grunna i at ein har oppnådd gode renter i høve til det som er lagt til grunn. Rentene er under budsjettet nivå, og for lån er samla innsparing 3 mill. kr. Når det gjeld fylkeskommunen sine innskot, så oppnår ein eit rentenivå på desse midlane som er ein del høgare enn det som er budsjettet. Det resulterer i ei meirinntekt på 12 mill. kr.

#### Kraftinntekter

Kraftprisane har halde seg godt oppe gjennom sommaren. Prognosene over netto inntekt er no på 66 mill. kr. Budsjettet er 70 mill. kr, og svikten vert dermed 4 mill. kr dersom dette skulle slå til. Dette er same prognose som det som vart rapportert pr. 2. tertial.

### Pensjon og lønsavsetjing

Tidligare i år vart det meldt at årsprognosene frå KLP viste noko auke i pensjonskostnadene. Prognosane til Statens Pensjonskasse har synt motsett utvikling, og vorte lågare. Dette gjev grunn til å tru at budsjetteterte midlar til lønsavsetjing og pensjonskostnader vil samla sett kunne gje eit positivt budsjettavvik på 2 mill. kr i 2019. Dette er ei betring av prognosene med 9 mill. samanlikna med rapportering pr. 2. tertial.

### Oppsummering

Tabelloversynet under syner rekneskapen pr. oktober 2019. Med rett budsjettperiodisering og jamt forbruk gjennom året, kan dette gje ein god peikepinn på den økonomiske stoda i dei ulike sektorane. Noko uvisse er det framleis på ein del område, men årsprognosene er sett til 30 mill. kr i negativt budsjettavvik ved utgangen av året. Dette er halvering av den negative årsprognosene pr. 2. tertial på 60 mill. kr.

**Tabell med status pr. 31. oktober 2019 etter funksjonsgruppe (tal i heile tusen)**

	Rekneskap okt. 2019	Forbruk i % av årsbud	Prognose aug	Prognose avvik okt	Rekneskap okt. 2018
<b>Politisk, kontroll, fylkesrådm.</b>					
Kostnader:	94 835	114 692	82,7 %		55 693
Inntekter:	-10 528	-51 529	20,4 %		-4 642
<b>Netto</b>	<b>84 307</b>	<b>63 164</b>	<b>133,5 %</b>	<b>0</b>	<b>51 051</b>
<b>Eigedom</b>					
Kostnader:	321 860	315 866	101,9 %		227 688
Inntekter:	-79 505	-42 481	187,2 %		-57 634
<b>Netto</b>	<b>242 355</b>	<b>273 385</b>	<b>88,6 %</b>	<b>4 000</b>	<b>170 054</b>
<b>Økonomi- og org.avd.</b>					
Kostnader:	180 119	184 532	97,6 %		132 293
Inntekter:	-15 775	-15 033	104,9 %		-13 866
<b>Netto</b>	<b>164 344</b>	<b>169 499</b>	<b>97,0 %</b>	<b>5 000</b>	<b>118 427</b>
<b>Regional utvikling</b>					
Kostnader:	193 131	186 674	103,5 %		241 789
Inntekter:	-95 671	-101 786	94,0 %		-121 608
<b>Netto</b>	<b>97 460</b>	<b>84 888</b>	<b>114,8 %</b>	<b>0</b>	<b>120 181</b>
<b>Samferdsel</b>					
Kostnader:	2 948 473	3 225 311	91,4 %		2 449 779
		-1 320			
Inntekter:	-1 285 139	804	97,3 %		-1 036 535
<b>Netto</b>	<b>1 663 334</b>	<b>1 904 507</b>	<b>87,3 %</b>	<b>-76 000</b>	<b>-62 000</b>
<b>Kultur og idrett</b>					
Kostnader:	354 849	443 519	80,0 %		302 465
Inntekter:	-276 335	-247 741	111,5 %		-230 131
<b>Netto</b>	<b>78 514</b>	<b>195 778</b>	<b>40,1 %</b>	<b>0</b>	<b>72 334</b>
<b>Tannhelse</b>					
Kostnader:	307 773	119 859	256,8 %		277 994
Inntekter:	-112 993	56 902	-198,6 %		-110 640
<b>Netto</b>	<b>194 780</b>	<b>176 761</b>	<b>110,2 %</b>	<b>-5 000</b>	<b>-7 000</b>
					<b>167 355</b>

<b>Opplæring</b>					
Kostnader:	2 843 550	2 645 392	107,5 %		2 453 183
Inntekter:	-535 332	-387 264	138,2 %		-359 312
<b>Netto</b>	<b>2 308 218</b>	<b>2 258 129</b>	<b>102,2 %</b>	<b>-14 000</b>	<b>-11 000</b>
<b>Skatt og rammetilskot</b>					
		-6 083			
Inntekter:	-5 666 010	917	93,1 %		-5 423 220
		<b>-6 083</b>			
<b>Netto</b>	<b>-5 666 010</b>	<b>917</b>	<b>93,1 %</b>	<b>20 000</b>	<b>30 000</b>
<b>Renter og avdrag</b>					
Kostnader:	761 170	790 808	96,3 %		162 557
Inntekter:	-34 502	-39 325	87,7 %		-27 988
<b>Netto</b>	<b>726 668</b>	<b>751 483</b>	<b>96,7 %</b>	<b>10 000</b>	<b>15 000</b>
<b>Kraftinntekter</b>					
Kostnader:	38 686	45 833	84,4 %		43 885
Inntekter:	-101 442	-130 167	77,9 %		-103 077
<b>Netto</b>	<b>-62 756</b>	<b>-84 333</b>	<b>74,4 %</b>	<b>-4 000</b>	<b>-4 000</b>
<b>Pensjon/ lønsavsetj.</b>					
Kostnader:	99 347	148 317	67,0 %		175 220
Inntekter:	-125 299	-63 158	198,4 %		-250 715
<b>Netto</b>	<b>-25 953</b>	<b>85 159</b>	<b>-30,5 %</b>	<b>0</b>	<b>2 000</b>
<b>NETTO FYLKET TOTALT</b>	<b>-194 738</b>			<b>-60 000</b>	<b>-30 000</b>
					<b>-1 216 820</b>